

Innlegg frå Kjetil Mehl under årsmøte i Norges Bondelag 5. juni 2019

Ordførar, årsmøte, statsråd

Eg kjem frå Norges største hjortekommune, Kvinnherad. Det er kanskje god reklame for nokon, men slett ikkje bra for den aktive bonde.

Ein bonde og grunneigar er ikkje det same i dag. Grunneigarane rår over jaktrettane, viltet og over areala som bonden disponerer.

Grunneigarar har ofta heilt andre interesser enn bonden. Bonden vil ha høgast mogleg avling av god kvalitet. Grunneigaren vil ha leigeinntekt på arealet, kjøtt og inntekter på sal av jakt.

Skadane som hjorten påfører bønder på Vestlandet, Trøndelag osv er enorm. Det er ikkje bare avlinga som vert eten i vekstsesongen som er problemet, men også beiteskadar gjennom heile vinteren som tek knekken på timoteien i enga vår.

Det er snakk om skadar for mange titusen kroner kvart einaste år!! For nokon er det skadar for 100 tusener.....

Avskyting av hjorten må aukast kraftigt. Forvaltninga må forbeholdt, slik at ein skyt dei rette dyra for å redusera stamma.

Norges Bondelag brukar mykje og heilt nødvendige ressursar på rovdyrforvaltning. Vi meiner det er på høg tid at Norges Bondelag også tek forvaltninga av hjort som skadegjerar på alvor, og prioriterer ressursar til dette.

Vi ynskjer ein person i ei stilling som skal arbeida med forvaltning av hjortedyr. Og denne stillinga kan godt vera plassert utanfor Oslo.

For Hjortebestanden må ned på eit nivå som er berekraftig for bonden!